

## Høyringsfråsegn frå stadnamntenesta for Austlandet og Agderfylka om framlegg til endring av lov om stadnamn

Stadnamntenesta viser til høyringsbrev frå Kulturdepartementet 3. juni 2014 om endringar i lov om stadnamn (ref. 14/2528), med frist for innsending av fråsegner 2. september 2014.

Her er høyringsfråsegna til stadnamntenesta for Austlandet og Agderfylka.

Vidar Haslum, Universitetet i Agder, vart oppnemnd som stadnamnkonsulent frå 1. august 2014, og det har ikkje vore høve til å drøfta saka samla i denne stadnamntenesta. Haslum har skrivne ei særfråsegn som er vedlagd denne e-posten.

Botolv Helleland (stadnamnkonsulent)

Ingvil Nordland (sekretær for stadnamntenesta)

Oslo, 2. september 2014

### 1. Generelle synspunkt

Den 3. juni 2014 sende Kulturdepartementet ut eit høyringsnotat med framlegg til endringar i lov om stadnamn. Framlegga fylgjer opp Innst. S. nr. 124 (2008–2009) frå familie- og kulturkomitéen med bakgrunn i eit representantforslag frå stortingsrepresentantane Ole Mic Thommesen og Øyind Halleraker (båe Høgre). Dei ynskte ei endring i stadnamnlova som sikrar grunneigaren eller festaren avgjerdsrett i saker som gjeld fastsetjing av offentleg skrivemåte av namnet på eigen eigedom. I komitéinnstillinga heiter det mellom anna at «grunneieres synspunkt i saken bør tillegges særskilt vekt» og at «endring av bruksnavn ikke kan skje uten grunneiers samtykke». Dette har Stortinget gjeve sin tilslutnad til og såleis vore retningsgjevande for departementet.

Eit høyringsframlegg om same saka gjekk ut under den førre regjeringa i 2012. Dei faglege instansane som Kartverket og Språkrådet saman med stadnamntenesta hadde då sterke innvendingar mot at grunneigarane skulle ha det avgjerande ordet når det gjaldt skrivemåten av bruksnavn av di det ville bryta med hevdvunne normeringsprinsipp og føra til ustø namnebruk på kart,

skilt osv. Det vart òg understreka at ei fristilling av bruksnamna ville redusera verdien av stadnamn som kulturhistoriske minne. Vår primære innstilling er å avvisa framlegget om eigarbasert fastsetjing av skrivemåten av bruksnamn.

Dei same innvendingane gjeld framleis. Men sidan Stortinget har lagt føringar som departementet må halda seg til, tek denne fråsegna utgangspunkt i det framlagde høyringsnotatet og dei føreslåtte lovendingane. Departementet er klar over at ei «fristilling» av bruksnamna kan svekka dei som kulturminne og dermed som del av den felles kulturarven. Dette freistar departementet å bøta på ved å styrkja normeringa og bruken av andre stadnamn enn bruksnamn, medrekna gardsnamna som er overordna bruksnamna. I notatet vert det framheva at stadnamna er ei felleseige som samfunnet skal forvalta: «Formålet med lovendinga har vore å erkjenne og tydeleggjere, men samstundes avgrense grunneigarinteressene mot samfunnsinteressene» (s. 11). Når ein ser bort frå bruksnamna, målber såleis høyringsnotatet og dei føreslåtte lovendingane til dels ei styrking av stadnamn som kulturminne, jf. s. 12 i notatet: «For andre stadnamn enn bruksnamna meiner departementet at fundamentet for vern er styrkt. Framlegget til endring av formålsteksten er ei direkte legitimering av offisiell normering som vernetiltak» (s. 12).

Framlegget til lovending vil likevel få store praktiske konsekvensar ved at ulike skrivemåtar av same namnet i langt større grad enn i dag vil konkurrera om plassen. Utfordringa vert å sjå til at dei offentleg vedtekne skrivemåtane av gardsnamn og namn med gardsnamn i førelekken (relasjonsnamn) vert nytta på kart, i rutetabellar, på skilt osv. Ein må rekna med at mange grunneigarar ynskjer å profilera eigen skrivemåte i lokal bruk. Departementet reknar ikkje med auka kostnader som fylgje av lovrevisjonen, men dersom intensjonen om sterkare namnevern skal fylgjast opp, trengst det auka ressursar, både i Kartverket, stadnamntenestene og kommunane.

## 2. Føremålsparagrafen – stadnamn som kulturminne

I høyringsnotatet vert det fleire stader argumentert for at stadnamna er verneverdige kulturminne. Dette er eit viktig utgangspunkt, men bør definerast klarare. I paragraf 1 «Formål og verkeområde» lyder fyrste setninga:

«Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og *som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet,*

og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna» (den kursiverte delen er ny).

Det kan sjå ut som at departementet nyttar dette tillegget som eit avgjerande argument for kulturminnefunksjonen til stadnamn. I samandraget vert dette presisert med at det er «*meiningsinnhaldet* i stadnamna som er bindeleddet mellom fortid og notid, og som gjer denne delen av kulturarven tilgjengeleg for oss» (s. 3). «Det er den språklege tydinga av namnet som fyrst og fremst har kulturminneverdi. Skrivemåten er eit verkemiddel som blant anna skal få fram kva namnet betyr» (s. 12). Departementet ynskjer at dette synet skal kommuniserast overfor grunneigarane, nemleg at «det ikkje er relasjonen mellom grunneigaren og bruksnamnet som har verneverdi, men *det innhaldet namnet formidlar*». Dette er ein god tanke, men om grunneigaren let seg overtyda, er uvisst; han vil oftast føretrekkja den skrivemåten han er van med, særleg når gardsnamnet/bruksnamnet ligg til grunn for etternamnet hans. Det vert altså ei pedagogisk utfordring å få grunneigaren til å «ta til fornuft» om lovendinga vert vedteken.

Ein kan vera samd i at *meiningsinnhaldet* – eller meir presist den *ordhistoriske tydinga* – til eit stadnamn er viktig ut frå kulturvernomsynet. Men dette er ei for trong avgrensing av kva eit nedervd stadnamn er. Når ein ser på stadnamn som *kulturminne*, er det viktig å ha den antikvariske dimensjonen klart for seg. Det er tale om stadbundne språklege uttrykk traderte frå ei opphavsform skapt ved namngjevingstidspunktet, ofte mange hundreår attende i tida, og vidareført i det lokale språket. Dei fleste stadnamna, også gardsnamna, er overleverte i munnleg form frå generasjon til generasjon. Dermed vert den nedervde uttalen den språkforma som har størst verdi som kulturminne – i praksis den skriftforma som ligg nærast uttalen. I dag vert den nedervde uttalen gradvis erstatta av skriftformene, og ut frå det antikvariske synspunktet er det viktig at skriftforma byggjer på den nedervde munnlege tradisjonen. Overfor grunneigaren vert det då viktig å målbera at namnet oftast står i ein langt eldre språkleg tradisjon enn det noverande slekter representerer.

Frå ei slik tilnærming vert det vesentleg å framheva at eit kvart stadnamn er eit historisk minnesmerke, eit språkleg monument over staden. Dei er kikhol inn i fortida. Det er altså ikkje primært *meiningsinnhaldet* i stadnamna som har verneverdi, men dei overleverte språklege uttrykka knytte til dei einskilde

stadene. Innhaldet eller tydinga av desse språkminna kjem ein fram til gjennom namnestudiet. Ved å tolka dei språklege uttrykka får ein tak i trådar av tidlegare generasjonars levevilkår og tenkjemåte. Samla er stadnamna i eit område å sjå på som ei landnåmabok, ei detaljert soge over menneskeleg verksemd tufta på naturgjevne omstende. Her ligg òg grunngevinga for namnevern: nemleg eigenskapen som historiske og stadbundne språkmonument.

### 3. Fristilling av bruksnamna

Som nemnt fylgjer høyringsnotatet opp stortingsvedtaket om å la grunneigaren ha avgjerande innverknad på skrivemåten av bruksnamna. Dermed må departementet til dels grunnge verneverdien av bruksnamn på ein annan måte enn stadnamna elles. Enklast kan denne delinga definerast som ein unntaksregel: Bruksnamna gjeld private objekt, og det har vore hevda at den private råderetten òg skal gjelda namna på dei private objekta.

Dette synspunktet er ikkje nytt. Sidan slutten av 1800-talet og særleg i samband med rettssakene omkring 1960 har det vore vore argumentert for at bruksnamn høyrer til privatsfæren. Synspunktet har altså no fått tilslutnad i Stortinget. Det gjer det ikkje prinsipielt rettare, og frå fagleg hald har det heile tida vore argumentert for at alle nedervde stadnamn, også i funksjon av bruksnamn, er ein del av den felles kulturarven, og at det er kunstig å skilja mellom gardsnamn og bruksnamn. Ofte er dei samanfallande. Det er positivt at høyringsnotatet aksepterer dette synet, men det leitar etter forklaringsmodellar for endringsframlegget. Såleis heiter det at føremålet med lovendinga har vore «å erkjenne og tydeleggjere, men samstundes avgrense grunneigarinteressene mot samfunnsinteressene» (s. 11).

Høyringsnotatet understrekar fleire stader gardsnamn (namn på matrikkelgardar/hovudbøle) som overordna einingar, og at dei skal ha offentleg normerte skrivemåtar. Det gjeld òg når dei går inn som delar av andre namn som adressenamn/vegnamn. Vidare drøfter notatet problemet ved gardsnamn i funksjon som bruksnamn, men tek ikkje høgd for korleis denne diskrepansen skal løysast praktisk. På kart i små og mellomstore målestokkar vil rett nok berre gardsnamna kunna førast opp, men på kart i store målestokkar som Økonomisk kartverk kan det vera aktuelt å ta med dei eigarfastsette bruksnamna. Kartverket kan som kartprodusent velja å sjå bort frå eigarfastsette skrivemåtar, men private og kanskje kommuale utgjevarar kan velja å nytta slike skrivemåtar.

Eit uavklart problem er òg korleis ein skal forvalta bruksnamn som er sjølvstendige namnelagingar og ikkje avleidde av hovudnamnet. Etter endringsframlegget kan dei òg opptre i eigarfastsette skrivemåtar. Ein kunne tenkja seg at ei nedervd namneform som *Linlykkja* kunne førekoma som *Lindløchen*.

Ei praktisk løysing kunne vera at Sentralt stadnamnregister tek vare på eigarfastsette bruksnamn, både dei som er avleidde av gardsnamnet og andre typar bruksnamn, i tillegg til dei korrekt normerte skrivemåtane. Dei to kategoriane kunne då gjevast kvar si statusmarkering. På offentlege kart, skilt, register måtte då lengst råd dei språkleg korrekte formene nyttast. Ein kjem likevel ikkje unna dei praktiske ulempene ei slik dobbel hantering av bruksnamn inneber.

#### 4. kommentarar til einskilde punkt i høyringsnotatet

##### § 1. Formål og verkeområde

Det bør overvegast om fyrste leddet i denne paragrafen får denne ordlyden:

Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, bygd på den nedervde munnlege tradisjonen i samsvar med det historiske innhaldet, og medverke til kjennskap og aktiv bruk av namna.

##### § 2 Definisjonar

I pkt 6 bør det koma med ein definisjon på kva eit stadnamn er reint funksjonelt. Som ein del av kommunikasjonen mellom menneska er stadnamnet eit språkleg uttrykk med referanse til ein viss lokalitet (formasjon). Innhaldet i namnet er då det samfunnet og einskildmennesket til ei kvar tid legg i det. Og for at kommunikasjonen skal fungera mest mogeleg effektivt, er det viktig at namnet har ein fast og språkleg konsistent skrivemåte. Dette treng ikkje koma med i lova, men bør gå inn i grunngjevinga for terminologien.

I grunngevinga for definisjonar bør det i samband med termen *stadnamn* koma tydelegare fram at stadnamn er overordna alle undergrupper som gardsnamn, bruksnamn, vegnamn osb.

Endringsframlegget kjem med eit nytt ledd a) der *stadnamn* vert definert som *namn på terengformasjonar, (t.d. fjell og vatn), kulturformasjonar (t.d. gardar, vegar og bruer), administrative område (t.d. kommunar og sokn) og institusjonar (t.d. bygningar)*

Denne inndelinga i fire hovudkategoriar dekkjer ikkje alle stadnamn, t.d. vil det vera større område som ikkje kan karakteriserast anten som terrengformasjonar eller administrative område, til dømes *Finnemarka*. Inndelinga er òg problematisk ved at kategoriane endrar seg over tid. Til dømes vil mange namn på teigar og utmarkslende vera opphavlege gards- eller plassnamn, til dømes *Tveita*, og eit naturnamn kan vera nytta om både ein naturformasjon og ein kulturformasjon, til dømes *Djupvik*. Namn med kulturindikerande namneledd er ofte nytta om naturformasjonar, og omvendt. Stadnamn.

Den eksisterande definisjonen («namn på geografiske punkt, liner og område som kan kartfestast») er mindre problematisk av di han ikkje tek stode til kva formasjonskategori det er tale om. Det at *institusjonar* har kome inn som ein eigen kategori, er ei nyttig presisering, men slike vil òg kunna dekkjast under den eksisterande definisjonen (som gjerne kunne få eit tillegg om ulike typar namn).

I faglitteraturen er stadnamn definert på ulike måtar. Enklast kan ein seia at eit stadnamn er eit språkleg uttrykk som identifiserer eller peikar ut ein stad, eit språkleg uttrykk som hjå ei viss gruppe menneske utløyser førestelling om ein stad (Adresser og stadnamn. Del 2 1993). Peter Hallaråker (Innføring i stadnamn. Innsamling og gransking 1997) listar opp ei rekkje definisjonar. Ein av dei enklaste er etter svensken Harry Ståhl (1976): «Ortnamn är namn på geografiska lokaler av olika slag», på norsk «stadnamn er namn på geografisk lokalitetar av ulike slag».

I eit nytt pkt e) under *Definisjonar* forsterkar høyringsnotatet synet på stadnamn som nedervde språklege storleikar: *nedervd uttale: den uttalen som er overlevert*

*frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er levande bruk*

I paragraf 5 d), tredje ledd, om statlege namnevedtak tek høyringsnotatet med seternamn. Det er rett nok, men det er få seternamn som fungerer som seternamn i dag. Dei aller fleste setrane er nedlagde, men ein del vert nytta som hyttegrender. Dermed kjem dei inn under kommunalt råderom. Dette bør avklarast nærare.

I paragraf 6 vert det lagt opp til at eigaren eller festaren har det avgjerande ordet i fastsetjing av skrivemåte av bruksnamn, men at kommunen skal senda tilrådingar som gjeld bruksnamn til eigaren eller festaren før det vert gjort vedtak. Dette er eit viktig tiltak, altså at grunneigaren skal få sjå tilrådinga (med grunngjeving) frå stadnamntenesta før fastsetjing av skrivemåten. Her vil kommunen få eit utvida ansvar med tilhøyrande meirarbeid. Når eigaren eller festaren har gjort sitt vedtak, skal han vel melda attende til kommunen, som legg det aktuelle namnet inn i SSR med ei spesiell markering/tagging.